



RYFYLKE IKS

Protokoll frå representantskapsmøte i Ryfylke IKS

Tid: Fredag 18.10.2024, kl. 09.00 – 12.00

Stad: Ryfylke IKS, Ryfylkevegen 7040, 4130 Hjelmeland

Deltakarar:

Kristoffer Birkedal, varaordfører i Sandnes
Anita Husøy Riskedal, ordfører i Hjelmeland
Irene Heng Lauvsnes, ordfører Strand
Mads Drange, ordfører i Suldal
Håvard Handeland, ordfører i Sauda

Kristoffer Amdal, styreleiar RIKS
Wictor Juul , dagleg leiar RIKS

RYFYLKE

Ein attraktiv region der
folk vil bu og arbeide



Saksliste

Sak 06/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

- ▲ Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 07/24 Godkjenning av møtebok for ekstraordinært representantskapsmøte 28.06.2024

- ▲ Vedtak: Møteboka vert godkjent

Sak 08/24 Tilsetting av midlertidig dagleg leiar i Ryfylke IKS.

Framlegg til vedtak:

Tilsettinga vert i tråd med vedtak i representantskapet og styret:

-Sak 29/24: Ansettelse av midlertidig daglig leder i Ryfylke IKS

Representantskapet i Ryfylke IKS gjorde den 28. juni 2024 følgende vedtak:

Representantskapet gir styret fullmakt til å ansette midlertidig daglig leder i 80-100% stilling i inntil 1 år. Styreleder kompenseres for arbeidstid medgått til opplæring i overgangsperioden med ny midlertidig leder.

Vedtak i styret:

Wiktor Juul ansettes/leies inn som daglig leder i Ryfylke IKS for en periode på 6 måneder.

Lønn/innleie/betingelser holdes innen samme rammer som vilkårene for tidligere daglig leder.

Styreleder gjennomfører forhandling og ansettelse.

Vedtak i representantskapet 18. oktober:

- ▲ Wictor Juul vert midlertidig dagleg leiar i Ryfylke IKS frå 19. august 2024. Tilsettinga skjer i tråd med styrevedtak

Sak 09/24 Ungdomssatsing, orientering om arbeidet med ungdomsstyret

Framlegg til vedtak

Ryfylkerådet godkjenner handlingsplanen og budsjettet for Ungdomsstyret i Ryfylke slik det er presentert, med atterhald om at ungdomsstyret sikrar nødvendig finansiering til å gjennomføra prosjekta.

Rådet ber ungdomsstyret om å følgja opp planen og regelmessig rapportera framdrifta til Ryfylkerådet i tråd med møtekalenderen

Representantar for ungdomsstyret la fram handlingsplana dei har utarbeida.

Vedtak representantskapet 18. oktober:

- ▲ **Representantskapet i Ryfylke IKS meiner at det er gjort eit godt arbeid med plana. Orienteringa som blei gitt av medlemmar av Ungdomsstyret var informativ og engasjerande.**
- ▲ **Ut ifrå ei totalvurdering sendes handlingsplan og budsjett tilbake til Ungdomsstyret. Dette for meir tydeleg prioritering mellom satsingane. Dei totale kostnadene i plana må også reduserast.**
- ▲ **Ungdomsstyret må legge fram ei redusert og prioritert handlingsplan med revidert budsjett på neste møte i representantskapet**
- ▲ **Representantskapet vil tydeleggjera at ungdomssatsinga kan berre gjennomførast med eksterne midler, og at virketida av tiltak ikkje skal gå utover valperioden til det ungdomsstyret som er vald no, altså til og med juli 2026.**
- ▲ **Ungdomsstyret kan fortsetta arbeidet med samlinga Ryrekrutt (Samlinga på Fiskepiren) utan at handlingsplan er realitetsbehandla og endeleg godkjent.**

Bakgrunn

Sak 02/23. Vedtak: Administrasjonen følgjer opp rapporten til neste møte. Innstillinga blir sendt ut på høyring til aktuelle instansar og rådet oppmodar kommunane til å invitera ungdomsutvalet til kommunestyret for å informere om innstillinga si.

Sak 12/23. Vedtak: Ryfylkerådet ber administrasjonen leggje fram ei sak med målsetting om å etablere eit ungdomsstyre for Ryfylke. Det må utarbeidast vedtekter og definerast arbeidsoppgåver for styret. Styret får ei samansetting på ti, med to frå kvar kommune.

- Ein representant frå kommunen sitt ungdomsråd
- Ein representant som er mellom 20 og 25 år

Målet er at ungdomsstyret i Ryfylke kan starte sitt arbeid før jul-23.

Sak 38/23. Vedtak1: Ryfylkerådet sluttar seg til saksframstillinga og godkjenner vedtektene for ungdomsstyret i Ryfylke. Vedtak 2: Det blir lagt fram sak for Ryfylkerådet om oppnemning av medlemmene over 20 år.

Sak 14/24. Vedtak 1: Ryfylkerådet sluttar seg til oppnemninga av kandidatar til rådet for den gruppa som er over 20 år. Vedtak 2: Det nye ungdomsstyret blir bedne om leggja fram handlingsplan for fire år og budsjett.

Sak 31/24: Vedtak: Kriteriene for å bli med i ungdomsstyre må utredes mht. bostedskommune og tilknytning. Hjelmeland spiller inn ny kandidat.

Vurdering

Ungdomsstyret i Ryfylke vart konstituert 7.juni 2024. Det blei sett fram to framlegg som leiar – Anne Bratthammer (Strand kommune) og Peder Krokedal (Hjelmeland kommune). Anne Bratthammer vart vald til leiar og Peder Krokedal til nestleiar. Møte nr. 2 gjekk føre seg 6.september i Sand, etter Ryfylkekonferansen MOR. Styret har jobba fram ein handlingsplan og budsjett for arbeid dei neste to åra (sjå vedlegg).

Både medlemmene og varamedlemmene var invitert til dei første møta. Dei komande styremøta i 2024 vil vera forbeholdne medlemmene og vil gå føre seg digitalt. Ungdomsstyret vil følgja møtekalenderen til Ryfylkerådet og vil gje sine innspel i forkant av dei politiske møta. Møteprotokoll frå ungdomsstyret ligg på Ryfylke sine nettsider: ryfylkeiks.no/ungdom

Ryfylke IKS har søkt Ulla-Førrefondet, Sparebankstiftelsen SR-Bank, Regionalt Næringsfond og Ryfylkefondet om midlar til det som står beskrive i handlingsplanen.

I januar 2024 fekk Ryfylke IKS prosjektmidlar frå Sparebanken Vest Agenda Vestland til mellom anna å arrangere ein rekrutteringsarena/sosial møteplass for ungdom og arbeidslivet i Ryfylke. Dato for arrangementet er sett til 15.april 2025 og er derfor ein prioriteringssak. Ungdomsstyret jobbar fram innhald og struktur for arrangementet i samarbeid med Ryfylke IKS og Næringsforeningen i Stavanger.

Framlegg til vedtak

Ryfylkerådet godkjenner handlingsplanen og budsjettet for Ungdomsstyret i Ryfylke slik det er presentert, med atterhald om at ungdomsstyret sikrar nødvendig finansiering til å gjennomføra prosjekta.

Rådet ber ungdomsstyret om å følgja opp planen og regelmessig rapportera framdrifta til Ryfylkerådet i tråd med møtekalenderen

Sak 10/24 New Kaupang, overtaking av Rogaland fylkeskommunen sine aksjar

Framlegg til vedtak:

Ryfylke IKS tar over aksjane til Rogaland fylkeskommune med føresetnad om

1. At prisen per aksje er låg (Per dato har ikkje fylkeskommunen lagt fram ein pris på overtakinga.)
2. At New Kaupang greier å reisa midlar til redusert drift i eit år. Drifta skal være i tråd med midlar som er reist.
RIKS representantskap ber styret i New Kaupang om å redusera aktiviteten og gjennomføra ei drift i tråd med dei midlane som er tilgjengeleg.

Ketil Barkved frå New Kaupang vil orienterte om vidare drift

Dagleg leiar informerte om tilbodet frå Rogaland fylkeskommune om at prisen per aksje var satt til kroner 0, men at fylkeskommunen ville ha tilgang til Green- Hub.

Vedtak i representantskapet 18. oktober:

- ▲ **Under føresetnad av tilfredsstillande due diligence (selskapsgjennomgang som beslutningsgrunnlag for kjøp) tar Ryfylke IKS over aksjane til Rogaland fylkeskommune til den prisen og dei forutsetningane som ligg tilbodet frå fylkeskommunen.**
- ▲ **RIKS representantskap ber styret i New Kaupang om å redusera aktiviteten og gjennomføra ei drift i tråd med dei midlane som er tilgjengeleg frå og med overtaking av aksjar. Målet er i utgangspunktet eit års drift med redusert aktivitet.**
- ▲ **Due diligence skal handsamast i eit eige møte i representantskapet 29. oktober 2024 klokka 09.30 – 10.00. Møtet blir eit digitalt TEAMS møte.**

Bakgrunn

Selskapet New Kaupang blei etablert i 2019. Målet er fortsatt å identifisere og assistere i utviklinga av kommunale og private tomter og infrastruktur for etablering av energiintensive næringer. Vidare er marknadsføring av tomtene nasjonalt og internasjonalt ei viktig oppgåve. Prosjektet vilkår for kraftkrevjande industri gikk frå 2016. I 2019 såg ein at det var viktig med med marknadsføring av næringsarealer i Ryfylke. Etter studieturar i nord Sverige starta ein arbeidet med New Kaupang i 2018. Ei erfaring frå Sverige var at ein måtte ha store tomter tilgjengeleg i tillegg til mindre arealer. Det vart derfor innleia eit samarbeid med Rogaland fylkeskommune slik at dei var med på etablering av New Kaupang i 2019. New Kaupang A/s blei etablert med 20 000 aksjar. Fordelinga var 15 000 eigd av fylkeskommunen og 5000 eigd av Ryfylke IKS. Ved etableringa var fylkeskommunen tydelege på at dei i tråd med sitt regelverk var med i selskapet i 3 år. For å sikre drift har RFK bidratt med støtte tre år vidare gjennom tre emisjonar. Det vil seia at fylkeskommunen har bidratt i med driftsmidlar i tre år utover dei tre første åra. Drifta av selskapet har vært gjort med driftsstønad frå fylkeskommunen med kroner 1 500 000,- årleg. I tillegg har Ryfylkefondet bidratt med årleg driftsstøtte på kroner 500 000,-.

Kommunar som ønsker marknadsføring gjennom New Kaupang betaler ein åreleg avgift på 100 000,- . Per dato er 10 kommunar med. Dette har og gitt ei inntekt på kroner 1 000 000,- per år. Desse midlane har og gått til drift av selskapet.

Nokre år har det i tillegg vore andre finansieringskilder.

Situasjonen no er at Fylkeskommunen i tråd med sin plan og regelverk vil selje seg ut av selskapet. For fylkeskommunen har det vært viktig å bidra til etablering av kraftintensiv industri i Rogaland. Dei har ikkje sett på New Kaupang som eit kommersielt selskap og vil derfor overdra sine aksjar til Ryfylke IKS, rimeleg.

Moglege alternativ for selskapet

Alternativ 1.Selskapet vert avvikla ned ved årsslutt.

Slik avvikling må vedtakast av selskapet si generalforsamling. Vidare må det gjerast vedtak om sletting av selskapet. Slik sletting og avvikling av selskapet vli ta mellom seks veker og 12 mnd. Elles må prosedyrer for avvikling av AS gjennomførast slik ein finn dei i altinn.

Det er ikkje noko verdi i selskapet New Kaupang om det ikkje er drift i selskapet. Utan driftsmidlar frå fylkeskommunen vil verdien bli redusert. Selskapets verdi ligg i forstsett drift av nettsted, av Green HUB og den erfaring og kompetanse som er opparbeidd i selskapet gjennom forarbeid til selskapet og gjennom drift i seks år.

Alternativ 2.RIKS overtar aksjane fr fylkeskommunen og driver selskapet New Kaupang vidare tilsvarande dagens drift.

Dette alternativet kan gjerast sjølv om Ryfylke IKS overtar alle aksjane. Det må då sikrast midler til å drifta selskapet. Om ein ser for seg at alle kommunar vert med vidare må det tilførast kroner 1 500 000,- i «frisk» driftskapital per år. Altså må Ryfylkefondet bidra med 2 millionar kroner i driftstilskott mot kroner 500 000,- per år som no.

New Kaupang kan då fortsetta aktiviteten som dag.

Alternativ 3. Selskapet verd ført vidare med redusert aktivitet.

Det er ikkje noko verdi i selskapet New Kaupang om det ikkje er drift i selskapet. Utan driftsmidlar frå fylkeskommunen vil verdien bli redusert. Selskapets verdi ligg i forstsett drift av nettsted og av Green HUB systemet.

New Kaupang har følgande oppgaver som kan førast vidare om selskapet fortsett aktiviteten.

- Noko arbeid med lokalisering av areal for etablering av kraftintensiv industri.
- Kvalifisering og utvikling av tomter samen med tomteeigarar/kommunea til klar-for-marknad status
- Tilby hjelp til utvikling av nødvendig infrastruktur på tomtene slik at dette er tilgjengeleg når tomtene er ferdig regulerte.
- Framleis være mottaksapparat for dei som tar kontakt, og arrangere besøk til relevante arealer.
- Halda ved like digitale flater for marknadsføring av tomtene i Rogaland. I dette gjeld å utvikla og og ta i bruk Green- HUB. (System for digital 1:1 kommunikasjon i marknadsfring.)

- Gjera Green Hub klar til å marknadsføra alle næringsareal i kommunane. (Ikkje berre til kraftintensiv industri.)

Framover vil det være naturleg å fortsette med disse arbeidsoppgavene samtidig som at vi engasjerer oss i sirkulære anvendelser av overskudd/restressurser. Nye områder som fjellhaller nær energiknutepunkter kan også være aktuelt. Ved å øke graden av digitalisering og selvbetjening via Green-HUB kan funksjonen i selskapet opprettholdes gjennom å komplettere det data og informasjonsgrunnlaget som allerede er utviklet.

Vurdering og konklusjon

Verdien i selskapet er som nemnd dei tekniske løysingane som selskapet har etablert og opparbeida erfaring, kompetanse og nettverk. Ved alternativ ein vil mange av desse verdiane gå tapt. Med unntak av dei tomtene som er solgt vil det ikkje vera verdiane tilbak. Om ein går for alternativ to vil ein framleis kunne nytta tekniske løysingar, kommunane vil kunne nytta selskapet som før og ein kan arbeida med å få inn nye eigarar. Dette vil være ein kostnad for Ryfylke, og det vil være vanskeleg å finansiera full drift over tid ved å nytta Ryfylkefondet. Om ein vel å gjera det vil mange medlemskommunane som ikkje er omfatta av fondet vera «gratis» passasjerar.

Om ein vel alternativ tre vil verdiane bli i selskapet. Medlemskommunane vil framleis kunna få den hjelpa dei betalar for, og selskapet får tid til å få med andre aktørar til erstatning for Rogaland fylkeskommune.

For at RIKS skal overta aksjane må det vera til ein svært rimeleg pris. Fylkeskommunen har per dato ikkje konkludert med pris på sine aksjar i selskapet. Det må også vera klart at selskapet greier å reisa midlar til slik redusert drift i eit år. (Det er ein søknad inn til Ryfylkefondet om drift i to år kor finansiering, det siste året vil være på særlege vilkår.)

Framlegg til vedtak:

Ryfylke IKS tar over aksjane til Rogaland fylkeskommune med føresetnad om

3. At prisen per aksje er låg (Per dato har ikkje fylkeskommunen lagt fram ein pris på overtakinga.)
4. At New Kaupang greier å reisa midlar til redusert drift i eit år. Drifta skal være i tråd med midlar som er reist.
RIKS representantskap ber styret i New Kaupang om å redusera aktiviteten og gjennomføra ei drift i tråd med dei midlane som er tilgjengeleg.

Sak 11/24 Økonomirapport

Framlegg til vedtak:

Økonomirapporten vert tatt tilorientering.

▲ Vedtak, representantskapet 18. oktober:

- ▲ **Økonomirapporten blei ikkje handsama.**
Representantskapet vil ha ei oppstilling av rekneskapen i forhold til budsjett.

Som regnskapsrapporten viser er det per dato eit overforbruk på kroner 740 000,- . Dagleg leiar er kjent med at det mangler rekneskapsføring på rundt ein millon i inntekter.

Det vil bli gjennomført ein gjennomgang av alle poster som har høgare forbruk eller lågare inntekter enn fjoråret. Det vil også bli utarbeida ein rapport opp i mot budsjett.

Sak 12/24 Kompetanse Ryfylke vidareføring

Framlegg til vedtak

Prosjektet (Kompetanse Ryfylke) følgjer dei føringar Ryfylkerådet har sett for kompetanseutvikling i Ryfylke.

Ein vil leggja til rette for ei sterkare rettleiingsteneste slik at innbyggjarar får god kunnskap om arbeidslivet sitt behov for kompetanse og arbeidskraft.

Om det vert gitt midlar til dette prosjektet vil RIKS starta prosjektet. I det vidare er det naturleg at store deler av denne satsinga vert overført til eit nytt Udanningscenter IKS.

Vedtak i representantskapet 18. oktober:

- ▲ **Representantskapet er positiv til prosjektet men vil vente med å setje det i gang til Utdanning/studiesenteret er etablert, då det er dei som skal koordinera dette arbeidet framover.**
- ▲ **Administrasjonen bedt om å trekkje søknaden og la det nye senteret ta hand om søknadsarbeidet når dette er på plass og etablert.**
- ▲ **Samarbeidsparterane Ryfylkealliansen og Næringshagen i Ryfylke skal orienterast om vedtaket.**

Prosjektskildring

I arbeidet med å samordne tiltak for dei som skal gjere karriereval har Ryfylke IKS søkt om midlar gjennom Rogaland fylkeskommune, såkalla BOR-midlar.

Søknaden legg opp til å betre finansieringa av prosjekter som alt er i arbeid, men óg å leggje til fleire tiltak som kan styrkje innsatsen totalt for dei som skal gjera utdannings- og karriereval. Mellom anna gjennom å auka kunnskapen om næringar i Ryfylke og kva for kompetanse arbeidslivet i regionen treng framover.

Bakgrunn for søknaden

Ryfylke har på mange måtar ein spesiell næringsstruktur. Talgrunnlaget som Telemarksforsking la fram i 2021 viser m.a. desse utfordringane:

1. Utdanningsnivået i Ryfylke er lågt. 20% av arbeidstakarar har høgare utdanning.
2. Demografisk er det ei større «skeivfordeling» ved at det er 25% færre i alderen 20 – 30 år enn i aldersgruppa 60 – 70 år.

Ved å eksponera ungdom for arbeidslivet, dei karrierevegane som finnes og det kompetansebehovet arbeidslivet har, vil ein leggje til rette for innovasjon og utvikling. Store næringar i Ryfylke som t.d. mineralutvinning, havbruk, energiproduksjon, reiseliv og landbruk er i gang med store omstillingar for å bidra aktivt i det «grøne skiftet». Det same gjeld på dei offentlege arbeidsplassane.

To viktige dokument som grunnlag for vårt utviklingsprosjekt, og som tidelegare er drøfta i rådet:

- *Kompetansebehov i arbeidslivet: ein rapport frå Kompetansepiloten i Ryfylke (2023)*
- *Utvikling av Ryfylke: Tilrådingar frå ungdomsutvalet (2023)*

Våren 2023 la Ungdomsutvalet for Ryfylke fram ein rapport som viste at det er eit klart behov for sterkare samordning av tiltak for å gjere unge kjent med næringar og arbeidsliv i Ryfylke. Dette er særleg viktig i samband med karriereval. Dei etterlyser eit betre og meir heilskapeleg rettleiingsarbeid når dei unge skal velja utdanning og arbeid. Ungdomsstyret, som nå er etablert, set seg nå som mål at 7 sju av 10 av dei som veks opp her skal leva sine liv i regionen etter at arbeidskarrieren tek til.

Å koordinera og styrka rettleiingstenesta i arbeidslivet, på skular og NAV - slik at dei saman utviklar gode møteplassar som gjer at unge lettare kan velja karriereveg gjennom kunnskap om arbeidslivet blir viktig framover.

For å sette fokus på ovannemnte problemstilling dette vil me i prosjektet leggja vekt på fire tiltak:

1. Styrking av rettleiingstenesta med vekt på involvering av lokalt arbeidsliv
2. Integre og utvikla K-lab og tiltak initiert av samarbeidspartar som eit ledd i regional karriererettleiing
3. Etablere møteplassar - fysiske og digitale
4. Motverka utanforskap

a) *Styrking av rettleiingstenesta med vekt på involvering av lokalt næringsliv.*

Gjennom Kompetansipilotprosjektet blei det etablert eit nettverk mellom rådgjevarene i ungdoms- og vidaregåande skular, NAV, Oppfølgingstenesta og Karrieresenteret.

Eit viktig hovudmål har m.a vore å gjera tilbodet om utdanningsval i skulen meir relevant. Skulane sitt arbeid med dette skal samordnast med andre tiltak som har som mål å få fleire til å velja utdanning som er rett for dei, men som og er rett for arbeidslivet i regionen.

For å få dette til vil me her involvera rettleiarar i arbeidet med sikte på å styrkje karriererettleiing og gjennomført i heile Ryfylke. Sjølv sagt skal dette programmet retta seg mot dei som skal gjere val, men det er og viktig at foreldre vert godt informert om kva karriere som er mogleg i Ryfylke.

Mange utdanningsval vert tatt «ved kjøkkenbordet» (Masteroppgåve, Høgskulen i Lillehammer, 2022).

I dette arbeidet vil me utfordra og involvera arbeidslivet slik at dei kan informere om kva arbeid som er mogleg innafor deira arbeidsplassar. Me ynskjer særleg å arbeida for å få til eit system med bedriftsbesøk både for rettleiarar og elevar.

b) *Integrera K-lab*

«Alle har for lite folk til for mange stillingar» Arbeidsplassane greier ikkje aleine å koma ut med informasjon om dei spanande arbeidsplassane som finnes i regionen.

K-lab er ei verktøykasse som er eit alternativ eller supplement til yrkesmesser/ møteplassar og andre utdanningsretta tiltak. K-lab er gjennomført i Stavanger-skulane og nyleg i Vindafjord. Tiltaket har hatt stor grad av suksess.

Fylkeskommunen har utfordra Ryfylke til å ta over og vidareføra K-lab. K-lab gir kunnskap til dei som skal velja karriere og synleggjera arbeidslivet for dei føresette.

I tillegg til K-lab vil me fortsetta eit samarbeid *med Inspirasenteret* i Østfold om eit program dei har utvikla - *KOKO - kompetanse og kommunikasjon* (presentert på Ryfylkekonferansen 2023). Målet med programmet er at elevar skal styrke trua på eigne personlege ferdigheiter og kunne sjå kva som er mogleg for dei innanfor det spennande arbeidslivet Ryfylke har.

c) *Møteplassar*

Gode møteplassar i samband med utdannings- og yrkesval har me fleire døme på. Mellom anna Ryfylkequiz, utdanningsmesser, regionale samlingar i samband med konfirmasjon. I tillegg ynskjer ungdomsutvalet å etablera ein regional møteplass der ungdom får bli betre kjent med arbeidslivet i regionen.

- kva arbeidsplasser som finns
- kva kompetanse arbeidsgjevarar har behov for
- korleis regionen bør utvikle seg når det gjeld framtidig bu- og arbeidsmarknad

Hovudmålet er å byggje opp ein heilskapleg arena for karriereval i Ryfylke. Dette skal være ein arena kor arbeidslivet kan leggja fram sitt rekrutteringsbehov ved å informera om dette, men og å informera om sommarjobbar og traineestillingar.

Me vil prøva å lage desse arrangementa i tråd med Ungdomsstyret sine forslag. Dei ser for seg både faglege og sosiale møteplassar. Dei ynskjer møteplassar kor unge har meir regi, men i samarbeid med andre aktørar. Mellom anna aktørane som står bak denne søknaden.

I tillegg til å presentera arbeidslivet er det for Ungdomsstyret viktig å utfordre både ungdommar og arbeidsliv til å sjå det moglege i Ryfylke, og etablera fysiske og digitale møteplassar som ungdom kjenner seg heime i. Det kan gi kunnskap om arbeidslivet, men like viktig er det å lage ein arena kor Ryfylkeungdommen kan bidra til å påverka utviklinga i regionen. Ungdomsstyret arbeider med ei slik plattform kalla *Heilt Heim*.

Å utvikla av desse tiltaka skal skje i samarbeid med ungdom som skal gjere karriereval. Når prosjektet vert ferdigstilt skal regionen ha fleire gode verktøy for karriererettleing, og desse skal være satt i system.

d) *Utanforskap*

Fleire fell utanfor utdanning og arbeid, og det er ikkje noko unnatak i Ryfylke. Det er mange grunnar for at mange fell utanfor utdanning og arbeidsliv. Med aukande tal innvandrar i Ryfylke er og faren reell for eit auka utanforskap for denne gruppa. Kartlegginga som blei presentert under Ryfylkekonferansen MOR i september viser at det er stor fare for at mange i denne gruppa kan kome til å flytta frå regionen i tida framover. Ein sterkare og tydeligare strategi for integrering og ikkje minst tilrettelegging av utdannings- og kompetanseheving blir viktig.

Søknad

Det er søkt om ein million kroner over to år til prosjektet, og eigendelen er finansiert over prosjekter Ryfylke IKS alt har i gang og det samarbeidspartane, Ryfylkealliansen og Ryfylke Næringshage, bidreg med.

Vurdering

Prosjektet skal bidra til at dei som veks opp i Ryfylke tar ei utdanning som er relevant for dei sjølve, men og for arbeidslivet. Det er eit behov og eit ønske frå aktørane i arbeidslivet at ein langt større del av unge får vite om den spennande utviklinga arbeidslivet i Ryfylke representerer. Det er eit ambisiøst mål frå ungdomsstyret at sju av ti som går på grunnskule i regionen skal velje å busette seg i her når arbeidsdagen tek til.

Regionen får ei kvalitativt god karriererettleiing som er gjennomgåande i grunnskule og i vidaregåande skule. Den fylkeskommunale rettleiingstenesta er ein integrert del av det totale rettleiingstilbodet. Rettleiinga er utvikla gjennom involvering av ungdommar, arbeidsliv og karriererettleiarane. Målet er at rettleiinga skal være saumlaus og gjennom skuleløpet, men og når det gjeld rettleiingstenesta til NAV.

Begeistring for regionen som ein stad der mykje er mogleg er viktig. Dette vil mange av elementa i satsinga bidra til. I tillegg til Ryfylkequiz, Ryfylkepuls, Læring i Næring, yrkes- og utdanningsmesser, vil integrering av K-lab, møteplassar initiert av Ungdomsstyret, Heilt Heim, sommarjobben.no og eit aktivt rettleiarnettverk bidra til slik begeistring. Samarbeidet med andre regionale organisasjonar i løysinga av desse oppgåvene er naturleg.

Framlegg til vedtak

Prosjektet (Kompetanse Ryfylke) følgjer dei føringar Ryfylkerådet har sett for kompetanseutvikling i Ryfylke.

Ein vil leggja til rette for ei sterkare rettleiingsteneste slik at innbyggjarar får god kunnskap om arbeidslivet sitt behov for kompetanse og arbeidskraft.

Om det vert gitt midlar til dette prosjektet vil RIKS starta prosjektet. I det vidare er det naturleg at store deler av denne satsinga vert overført til eit nytt Utdanningssenter IKS.

Sak 13/24 Regionalt kompetanseforum

Framlegg til vedtak:

Ryfylkerådet opprettar Kompetanseforum Ryfylke og sluttar seg til føresegnene.

Rådet ber forumet på sitt første møte gå gjennom og kome med innspel til eventuelle justeringar/endingar av føresegner for Kompetanseforum Ryfylke og halde Ryfylkerådet/studie-/utdanningscenteret løpande orientert om arbeidet

Dagleg leiar informerte om henvending frå Rogaland fylkeskommune som ynska at saka ikkje vart handsama då ein meiner at det nye Utdanningscenter IKS må vera part i dette arbeidet.

Vedtak i representantskapet 18. oktober:

▲ Saka blei trekt utan realitetshandsaming.

Bakgrunn for saka:

Gjennom Fylkeskommunen sitt arbeid med å etablera ein kompetanseplan for Rogaland ligg det føringar for at kvar region skal etablera sitt regionale kompetanseforum. Haugaland vekst har alt sitt forum i arbeid og Dalane er på veg til å etablera sitt.

Kompetansearbeid er eit fokusområde i Ryfylke, noko som blei forsterka gjennom Ryfylke si deltaking i den landsdekkande *Kompetansepilottordninga*. Eit overordna mål er å auka kompetansen hjå folk og arbeidsliv i Ryfylke, slik at regionen er betre rusta til å løyse dei behov og utfordringar arbeidslivet har i dag og i åra som kjem. Å gjera kompetansebehova synlege for å bidra til mobilisering av utdanningstilbod og forming av tiltak. Forumet skal og gje innspel til utvikling av karriererettleiing og synleggjera kva for mangfald av arbeidsplassar regionen har å by på.

Eit regionalt *kompetanseforum* vil vera ein reiskap i eit slikt arbeid, og gje viktige innspel til kommunane i Ryfylke og Ryfylkerådet samla.

Kompetanseforum Ryfylke skal sjå til og følgje opp målsettingar i [kompetanseplanen for Rogaland fylke](#) etter at denne blei vedtatt like før sommaren.

Mange fylkeskommunar har etablert kompetanseforum for fleire år sidan, og det er kome til regionale forum for regionane i fylka. For Rogaland er regionane ulike ser ein fylket under eitt. Derfor er ein slik møtearena viktig for å kommunisera og samskapa om kva for oppgåver som er viktige å arbeidet med for å løfte kompetanse og rekrutteringsarbeid i ein region som vår.

Det blir lagt fram framlegg til føresegner som Dalane og Ryfylke har arbeidd saman om og som bygg på andre regionar sine føresegner.

Framlegg til føresegner

Kompetanseforum Ryfylke - Føresegner

1. Mål

Kompetansearbeid er eit fokusområde i Ryfylke, noko som har blitt forsterka gjennom Ryfylke si deltaking i den landsdekkande *kompetansepilotordninga*. Eit overordna mål er å auka kompetansen hjå folk og arbeidsliv i Ryfylke, slik at regionen er betre rusta til å løyse dei behov og utfordringar arbeidslivet har i dag og i åra som kjem.

Eit regionalt *kompetanseforum* vil vera ein reiskap i arbeidet med å fokusera på kompetanse og rekrutteringsutfordringar i Ryfylke. Ein viktig innspelsarena for Ryfylkerådet og kommunane i regionen til fylkeskommunen på området.

Kompetanseforum Ryfylke skal sjå til og følgje opp målsettingar i [kompetanseplanen for Rogaland fylke](#) som er vedtak i 2024.

Viktige satsingsområde som me ser i dag:

1. Auke kompetansen i hjå folk i Ryfylke slik at arbeidslivet får dekt sitt kompetansebehov og at samfunna våre blir gode å bu og leve i.
2. Gjennom kompetanseheving og kunnskapsdeling bidra til nyskaping og innovasjon.
3. Styrkja balansen mellom tilbod og etterspørsel i dei regionale arbeidsmarknadane og fokusera på regionale rekrutteringsutfordringar.
4. For å møte Ryfylke sitt framtidige kompetansebehov skal regionen styrkje samarbeidet og samskapinga mellom arbeidsliv, utdanningssektoren, kunnskaps- og forskingsmiljø og verkemiddelaktørar.
5. Bidra til eit bærekraftig samfunn med utgangspunkt i [FNs bærekraftsmål](#).
6. Inkludera fleire i arbeidslivet og hindra utanforskap.

2. Mandat og arbeidsoppgåver

Kompetanseforum Ryfylke skal følgje opp og samordna arbeidet i regionen på kompetanseområdet og bli ein viktig premissleverandør i fylkeskommunen sitt arbeid på området.

Arbeidet skal ta utgangspunkt i Rogaland fylke sin kompetanseplan og, gjennom samskapt innsats med regional tilnærming og ansvarsfordeling, arbeida for å nå dei måla den har sett.

Dette inneberer mellom anna å:

- Følgja opp kompetanseplanen ved å utarbeide eit regionalt handlingsprogram.

- Utvikle eit regionalt kunnskapsgrunnlag som kan gi betre forståing for behovet for kompetanse og rekruttering av arbeidskraft.
- Sørge for informasjonsflyt og kunnskapsdeling på tvers av sektorar og forvaltingsnivå innan kompetansefeltet.
- Utvikla og teste ut metodar og tiltak med utgangspunkt i Ryfylkemodellen for utvikling av fleire og nye desentraliserte og fleksible utdanningstilbod.
- Samordne aktivitetar og arenaer for kompetanseutvikling og karriererettleiing.
- Følgje opp innspel frå samarbeidande fora og aktørar og initiere eller setja i gang tiltak etter behov.
- Identifisera og bryte ned barrierar for regional samhandling, og stimulera til tiltak på tvers av bransjar og kommunar med sikte på kunnskapsdeling, nyskaping og innovasjon.
- Arbeide for større handlingsrom i den regionale kompetansepolitikken.
- Etablere og drifte nettverk mellom rådgjevingsteneste i skulen, NAV med fleire.
- Vera ansvarleg for ein årleg konferanse som set kompetanse på dagorden for privat og offentleg sektor.

Kunnskapsgrunnlaget for arbeidet skal ta utgangspunkt i fakta, statistikk og forskingsarbeid.

3. Styringsgruppe

Styringsgruppa skal spegle arbeidslivet, vidaregåande skule, UH-sektoren og rettleiingstenesta og koma med innspel til Ryfylkerådet som har etablert forumet:

- Dei to vidaregåande skulene i regionen
- Vinterlandbruksskulen i Ryfylke
- Representantar for ungdomsstyret
- Karrieresenteret i Rogaland
- Rep frå NAV-kontora i regionen
- Reisemål Ryfylke
- Sauda Vekst
- Ryfylke næringshage
- Næringsforeningen i Stavangerregionen si ressursgruppe for Ryfylke
- Opplæringskontor
- LO, Ryfylke
- Utdanningsforbundet
- Fagskolen Rogaland
- AOF Fagskolen
- HVL
- UIS
- NHO, Ryfylke

Forumet har to møte per år.

3.1. Arbeidsutval

Styringsgruppa set ned eit eige arbeidsutval på 3 – 5 personar som har møte mellom styringsgruppa sine møte.

Styringsgruppa har eit overordna ansvar for å leie arbeidet til Kompetanseforum Ryfylke. I dette ligg det:

Prioritering av satsingsområde og oppgåver:

- Utarbeiding av handlingsplan
- Etablering av temagrupper der det er nødvendig
- Oppfølging og innspel til dei fylkeskommunale organa
- Gjennomføra årlege evalueringar/revisjonar av handlingsplan for arbeidet og kome med framlegg til rulling av strategi ved strategiperioden sin slutt.

Styringsgruppa kan ta opp fleire representantar finn forumet det naturleg.

Arbeidsutvalet kan gje høyringar i saker som er viktige for arbeidsområdet.

4.0 Sekretariat

Studie-/utdanningscenteret er sekretariat for arbeidet og har ei viktig oppgåve i å:

- Halda seg oppdatert over regionen sin arbeids- og utdanningsmarknad
- Utarbeida statistikk og informasjon til arbeidet som eit viktig kunnskapsgrunnlag
- Gje innspel til å mobilisera og synleggjere kva for utdanningstilbod regionen har behov for til ungdom og vaksne på alle nivå
- Bidra til samarbeid om inkludering og rekruttering til utdanning og arbeidsliv
- Medverke i relevante prosjekt- og utviklingsarbeid og prioritera satsingar

5.0 Ansvarleg

Ryfylkerådet har oppretta forumet og står fritt til leggja det ned skulle rådet finne dette nødvendig.

Vurdering

Kommunikasjon er krevjande og eit forum som dette gjer det lettare for aktørane å vite kor dei skal kome med informasjon og kor dei kan hente informasjon. Vidare blir det ein viktig arena å få innspel til å formidle utdanningstiltak regionen bør arbeidet med.

Forumet er stort - det er ei utfordring, - men likevel bør det vere høve for partane å vera med og bidra til dette viktige arbeidet. Studie-/utdanningscenteret som sekretariat må stå for innkalling og saker til forumet. Men i første rekkje vil det vera ein nyttig måte å få innspel til dei saken me alt arbeider med, og klarer me å gjere forumet relevant, vil partane møte fram.

Framlegg til vedtak

1. Ryfylkerådet opprettar Kompetanseforum Ryfylke og sluttar seg til føresegnene.
2. Rådet ber forumet på sitt første møte gå gjennom og kome med innspel til eventuelle justeringar/endingar av føresegner for *Kompetanseforum Ryfylke og halde Ryfylkerådet/studie-/utdanningscenteret løpande orientert om arbeidet*

Sak 14/24 Ryfylkekonferansen MOR

Framlegg til vedtak:

Ryfylkerådet sluttar seg til saksframstillinga og legg Ryfylkekonferansen til Tau i 2025.

Vedtak i representantskap 18. oktober:

- ▲ **Representantskapet sluttar seg til saksframstillinga, men ser at det er for mange konferanser i løpet av ein kort periode. Representantskapet peiker på at dei to store Ryfylke konferansane blir gjennomført på hausten. (Ryfylkekonferansen MOR og Arena Ryfylke.) Ryfylke IKS har vært med som medarrangør i Arena Ryfylke.**
- ▲ **Representantskapet ber administrasjonen om å ta kontakt med Ryfylkealliansen for å sjå om ein saman kan arrangera ein konferanse på hausten. Altså ved å slå saman Arena Ryfylke og MOR konferansen.**
- ▲ **Konferansen kan gjennomførast over to dagar kor siste dag har eit særleg fokus på kompetanse, opplæring og rekruttering.**
- ▲ **Administrasjonen skal undersøke om fylkeskommunen som har vært ein aktiv bidragsyter til MOR- konferansen har innsigelser mot ei slik endring.**

Vedlegg: Oppsummering Ryfylkekonferansen 2024

5. og 6. september fann Ryfylkekonferansen MOR stad på Sand med litt over 100 deltakarar. Tilbakemeldinga totalt sett for konferansen gir en score på 5.15 av 6.

Ryfylke IKS og Reisemål Ryfylke, Næringshagen i Ryfylke, Fylkeskommunen og Næringsforeningen i Stavangerregionen si Ryfylkegruppe, har gått saman om arrangementet og har hatt ei slik arbeidsgruppe som har forma programmet:

- ◆ Laila Steine, Ryfylke næringshage
- ◆ Espen G. Rød, Opplæringsavdelinga RFK
- ◆ Håvard Handeland, Sauda kommune
- ◆ Kjell Apeland, Ressursgruppa Ryfylke, Næringsforeningen i Stavangerregionen
- ◆ Anne Bratthammer, ungdomsutvalet
- ◆ Egil Hollund, Næringsforeningen i Stavangerregion

Grappa har evaluert arrangementet og programmet for årets samling (som ligg ved) og har tatt opp til drøfting å dele konferansen i to. Ein dag 1 som rettar seg mot næringslivet og dag 2 som rettar seg meir mot rettleiingstenesta i skulen, NAV osv i eit forsøk på å få fleire frå næringslivet til å ta del.

Det same gjeld ei betre koordinering i høve til andre arrangement - som Arena Ryfylke, og at denne gjerne kan haldast på etterjulsvinteren framfor slik det er i dag.

Neste konferanse – vegen vidare

Rådet må ta stilling til om ein skal halda fram med ein årleg konferanse. Skal ein det står Strand/Tau for tur.

Ei viktig tilbakemelding frå fleire som har svart på evalueringsskjemaet peikar på følgjande tema for eit konferanseprogram for dag 1:

- Koss kan me få gode døme på samarbeid offentleg/privat. Både på næringsutvikling og kompetansebygging.
- Koss kan me bygge desentraliserte utdanningar saman og som kan vere aktuelle for tilsette både i offentleg og privat sektor med sikte på oppnå større kunnskapsdeling og utvikling
- Korleis følgjer me opp innspela frå Ben Martin om koss Ryfylke saman møter t.d. 10 000 til Preikestolen kvar dag i høgsesong

Dag 2:

- Strategi for arbeidslivet og kommunane for betre integrering av nye landsmenn.
- Koss styrkjer me rettleiingstenesta i skule, NAV og i HR-sektoren slik dei unge i Ryfylke gjer gode utdannings- og yrkesval?

I skrivande stund er ikkje rekneskapan for konferansen klar, men det er brukt noko mindre til konferansen enn budsjettet. Altså at det er frie midlar som førast over til ein seinare konferanse.

Det må i så fall vidareførast med ny programnemnd, og me gjer framlegg om desse representantane:

- ◆ Laila Steine, Ryfylke næringshage
- ◆ Espen G. Rød, Opplæringsavdelinga RFK
- ◆ Håvard Handeland, Sauda kommune
- ◆ Anne Bratthammer, ungdomsutvalet
- ◆ Bjørn Wigdel, næringsssjef i Strand kommune

I tillegg er Egil Hollund, Næringsforeningen i Stavangerregionen med i programarbeidet.

Det blir søkt om støtte frå Ryfylkefondet i tillegg til at ein forsøker å få på plass ein bank som samarbeidspartnar for konferansen.

Framlegg til vedtak

3. Ryfylkerådet sluttar seg til saksframstillinga og legg Ryfylkekonferansen til Tau i 2025. .

Sak 15/24 Samarbeid om bulyst og kommunikasjon

Framlegg til vedtak:

Ryfylke IKS får i oppdrag å etablera eit strukturert og målretta samarbeid med kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand, og eventuelt Sandnes, for å styrkja bulyst, tilflytting og rekruttering i regionen. Samarbeidet skal ha som formål å:

1. Kartleggja eksisterande initiativ: Identifisera relevante tiltak og prosjekt som allereie går føre seg i kommunane, for å sikra synergieffektar og samordning på tvers av kommunegrenser.
2. Finne fellesnemnarar: Utarbeida eit felles utgangspunkt, basert på felles utfordringar og moglegheiter knytt til bulyst og tilflytting, som kan liggja til grunn for eventuelle framtidige regionale satsingar.
3. Samordna strategi: Utvikla ein overordna strategi for korleis regionen kan stå samla som ein attraktiv plass å bu, jobba og leva.

Framdrifta og resultatata skal rapporterast til RIKS representantskap. Oppdraget vil ikkje medføra andre kostnader enn menneskelege ressursar knytt til møteverksemd.

Ryfylke IKS får i oppdrag å etablera eit kommunikasjonsforum for kommunane Strand, Hjelmeland, Suldal, Sauda og Forsand delen av . Forumet skal fungera som ei plattform for å styrkja samarbeidet mellom kommunane og framme fagleg utvikling innan kommunikasjonsfaget. Forumet vil også leggja til rette for erfaringsutveksling, kompetanseheving og felles strategisk planlegging på tvers av kommunegrenser.

Vedtak i representntskapet 18. oktober:

- ▲ **Representantskapet ber administrasjonen om ikkje å setta i gang dette arbeidet. Ein vil avvente vidare arbeid med revidering av strategi for selskapet.**

Bakgrunn

I juni 2024 kom det eit initiativ til Ryfylke IKS frå kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand. Det er eit ønske om meir samarbeid om bulyst, rekruttering og attraktivitet på tvers av kommunane og då er Ryfylke IKS peika ut som ein naturleg pådrivar. Det er ein einigheit blant dei representerte kommunane om at ein bør sjå nærmare på fellesnemnarar for å sikre at initiativ i kommunane blir samkøyrd. Det som har vore framheva i dialogen er:

1. *Bulyst, tilflytting og rekruttering: Kan me jobba meir systematisk for å få folk til Ryfylke?*
2. *Kommunikasjon: Kan me samkøyra kommunikasjonsiltak på ein betre måte?*

Alle kommunane vil stå fram som attraktive stader å bu, leva og arbeida. Utfordringa er at det er avgrensa med ressursar og at det er krevjande å jobba med dette isolert i den enkelte kommune. Det eksisterer i dag fleire gode initiativ i dei ulike kommunane som med fordel kan samkøyrast og vidareutviklast. Det er stor vilje til meir samhandling og eit ønske om at Ryfylke IKS tar initiativet vidare til eit strukturert samarbeid.

Vurdering

Med fleire felles utfordringar innan bulyst, kan det vera nyttig å ha ein tettare dialog om fellesnemnarar, både innan:

- problemstillingar
- utfordringar og
- løysingar

I Ryfylke er det eit stort potensiale for å utveksle erfaringar og å skape gode synergjar.

Bulyst, tilflytting og rekruttering

Skal Ryfylke stå samla i utfordringa og arbeida metodisk med å setja Ryfylke på kartet som ein attraktiv plass å bu, jobba og leva, kan ein med fordel ha ein felles plan og mål for arbeidet.

Kommunane har i dag gode initiativ som det kan byggast vidare på. Kva fungerer og kva kan me bli betre på? I dei etablerte kanalane ligg det eit stort potensiale i å finne felles løysingar, som også kan bidra til å styrkja ein felles regional identitet som både innbyggjarar og tilflyttarar kan assosiera seg med. Noko som kan gi regionen eit tydelegare omdømme utetter.

Ryfylke IKS har tidlegare vore invitert med på internasjonale rekrutteringsmessar slik som Emigration Expo i Nederland, i regi av Næringsforeningen i Stavangerregionan (sak 06/24). Dette er ei rekrutteringsmesse i Nederland. I samband med messa vart det jobba fram ein rekrutteringsplattform. [Southwestnorway.com](https://southwestnorway.com) er eit eksempel på ein plattform som Ryfylke har moglegheit til å visa seg fram på internasjonalt.

I dag jobbar Ryfylke IKS tett med ungdomsstyret i Ryfylke som jobbar mellom anna for å etablere Heilt Heim – ein regional kommunikasjonskanal retta mot ungdom, som skal gjera Ryfylke identiteten tydelegare for dei unge. Det er eit arbeid som skal byggje vidare på dei initiativ som allereie finst i regionen.

Under Ryfylkekonferanse MOR var det og reist ein diskusjon om kommunen har ein, eller ein felles, strategi for integreringa av dei mange innvandarane som er komne til regionen. Statistikken viser frå Ryfylke og i andre distriktskommunar at det er langt fleire i denne gruppa som vel å flytte ut enn i gruppa etnisk norsk. Korleis kan me på ein god måte fange opp dette i bulystarbeidet.

Ryfylke har mykje å vinne på å ha ein tydelegare strategi om bulyst. Etter oppryddinga i dei digitale kanalane til Ryfylke IKS (sak 17/24) ligg det no til rette for at regionale nettsider kan

utviklast vidare. Dersom Ryfylke kan samlast om ein felles plan for bulyst, er det mogleg å samkøyra tiltak mot felles målgrupper, noko som kan føra til betre resultat enn om kvar kommune jobbar isolert.

Å arbeida for auka attraktivitet i regionen er ei målsetjing for Ryfylke IKS. Initiativet er derfor i tråd med selskapsstrategien. Sjølv om attraktivitetsprosjektet «Attraktive Ryfylke» vart avslutta utan vidare realisering 12.mars 2024 (sak 13/24), viser no dette initiativet frå kommunane at det framleis er ei stor vilje til dialog om samarbeid om bulyst og attraktivitet.

Kommunikasjonsforum

I dag eksisterer det ei faggruppe (RITS) som sikrar felles arbeid rundt digitale kommunikasjonsløyseringar då spesielt innan innkjøp av digitale løyseringar. Ryfylke IKS er ikkje kopla på denne gruppa i dag. Etter innspel frå gruppa er det eit ønske om å etablere eit kommunikasjonsforum med mål om å styrkja samarbeidet og effektivisera kommunikasjonen mellom kommunane. Forumet kan vera ein arena der ein kan dela erfaringar og få innspel, samordna kommunikasjonsiltak samt ha fokus på strategi og kompetanseheving. Ved å samordna kommunikasjonen på tvers av kommunane kan ein utvikla heilskaplege og effektive tiltak som styrkjer regionens felles mål, som tilflytting, næringsutvikling eller styrking av lokalsamfunnet. Ryfylke IKS kan fasilitera forumet, og ordninga kan koplast på RITS-strukturen.

Framlegg til vedtak

Ryfylke IKS får i oppdrag å etablere eit strukturert og målretta samarbeid med kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand, og eventuelt Sandnes, for å styrkja bulyst, tilflytting og rekruttering i regionen. Samarbeidet skal ha som formål å:

4. Kartleggja eksisterande initiativ: Identifisera relevante tiltak og prosjekt som allereie går føre seg i kommunane, for å sikra synergieffektar og samordning på tvers av kommunegrenser.
5. Finne fellesnemnarar: Utarbeida eit felles utgangspunkt, basert på felles utfordringar og moglegheiter knytt til bulyst og tilflytting, som kan liggja til grunn for eventuelle framtidige regionale satsingar.
6. Samordna strategi: Utvikla ein overordna strategi for korleis regionen kan stå samla som ein attraktiv plass å bu, jobba og leva.

Framdrifta og resultatata skal rapporterast til RIKS representantskap. Oppdraget vil ikkje medføra andre kostnader enn menneskelege ressursar knytt til møteverksemd.

Ryfylke IKS får i oppdrag å etablere eit kommunikasjonsforum for kommunane Strand, Hjelmeland, Suldal, Sauda og Forsand delen av Sandnes. Forumet skal fungera som ei plattform for å styrkja samarbeidet mellom kommunane og framme fagleg utvikling innan kommunikasjonsfaget. Forumet vil også leggja til rette for erfaringsutveksling, kompetanseheving og felles strategisk planlegging på tvers av kommunegrenser.

Sak 16/24 Gratis ungdomskort i Ryfylke

Framlegg til vedtak:

Ryfylke IKS representantskap tar saka til orientering.

Vedtak i representantskapet 18. oktober:

▲ Representantskapet tar saka til orientering.

Bakgrunn

Sak 33/24. Vedtak: Det innføres gratis ungdomskort fra 1. sep. 2024 og ut 2025. Ordningen evalueres innen 1. sep. 2025. Ordningen gjelder for alle ungdommer over 15 år i Sauda, Suldal, Hjelmeland, strand og Forsanddelen av Sandnes.

Vurdering

Lansering av gratis ungdomskort (u23-billett) i Ryfylke har gått som planlagt. I denne prosessen har Stavanger kommune vore svært imøtekommande og ein verdifull samarbeidspartnar. Stavanger kommune er behjelpeleg og løysingsorientert, noko som har vore avgjerande for at me har komme så langt i arbeidet. Ryfylke IKS ser fram til å halda fram med det gode samarbeidet.

Ryfylke IKS har i samarbeid med Strand kommune jobba med kommunikasjonstiltak for å nå ut med tilbodet. Kommunikasjonsarbeidet har vore eit viktig moment i arbeidet for å sikre ei brei informasjonsspreiing og forebygge misforståingar slik at kommunane får minimalt med førespurnadar frå innbyggjarar. Informasjon om ordninga er kommunisert ut gjennom Ryfylke IKS og Ryfylke-kommunane sine nettsider, Facebook-sider, pressemelding, samt annonsering i lokalaviser. Det er også ein dialog med skulane som formidlar dette til elevane.

Det er personar i kvar kommune som kan hjelpa innbyggjarane med spørsmål eller problem knytt til løysinga. Dei rapporterer om få spørsmål, noko som tyder på at løysinga er lett å forstå for brukarane. Nokre få tilbakemeldingar handlar om utfordringar med BankID, og at enkelte foreldre synest det er vanskeleg at dei sjølv ikkje kan søkja om tilbakebetaling.

Det er per no teke i mot 333 registreringar på tilbakebetalingsskjema. Dei er fordelt slik:

Strand kommune: 188 stk. (56%)

Suldal kommune: 49 stk. (15%)

Sauda kommune: 40 stk. (12%)

Hjelmeland kommune: 38 stk. (11%)

Av dei registrerte er 273 skjema godkjent og 60 skjema er avvist. Hovudgrunn for avvising:

- Feil format på opplasta billett (25)
- Alder eller innbyggjar (19)
- Kjøp før 1.september (14)

Trenden viser ein auke i talet på skjema per dag, og også ein liten auke i avviste skjema. I dei tilfella der søkjar har fått fleire avvisingar tar Ryfylke IKS direkte kontakt med søkjar for å hjelpe til.

Framlegg til vedtak

Ryfylkerådet tar saka til orientering.

Sak 17/24 Prosess for arbeid med vidare strategi for Ryfylke IKS

Framlegg til vedtak:

Representantskapet i RIKS vedtar dei tre satsingsområda som er nemnd i saka. Samstundes vert dagleg leiarbedt om å leggja fram ein enkel strategi med konkrete tiltak selskapet kan gjennomføra dei neste to åra. Denne strategien skal leggjast fram på desembermøtet i representantskapet. Dagleg leiar får i oppgåve å ta kontakt med Sandnes kommune for samarbeid innafor dei områda kor det er naturleg og begge partar kan ha fordelar av eit slikt samarbeid.

Vedtak i representantskapet 18. oktber:

- ▲ Representantskapet i RIKS ber dagleg leiar om å leggja fram ein sak til desembermøtet kor dei to første satsingsområda vert konkretisert og døme på moglege tiltak frå RIKS vert lagt fram.
- ▲ Område tre skal ikkje være noko eige satsingsområde for RIKS per dato.
- ▲ Dagleg leiar blir bedt om å gi ei orientering om IPR i neste møte.

Bakgrunn

Frå januar 2025 vil selskapet Utdanningscenter IKS bli etablert. Då vert ei av oppgåvene til RIKS overført til det eit nytt IKS. Under arbeidet med ny selskapsavtale og mogleg etablering av eit Ryfylke IPR blei det gjort vedtak i kommunane. Desse vedtaka seier noko om retning og satsingsområde for Ryfylke IKS.

Gjeldande selskapsavtale skildrar desse områda for samarbeid og arbeidsområde i RIKS:
 1. Å klarleggja og nytta ut naturlege og menneskelege ressursar og føremoner i regionen for å

vidareutvikla området politisk, næringsmessig, sosialt og kulturelt.

2. Å styrkja identiteten i regionen ved å utvikla samarbeidsformer mellom kommunane, næring, skule og kultur.

3. Å forebu felles fråsegner for deltakarkommunane overfor regionale- og sentralstyresmakter, i saker der deltakarane ber om det. Selskapet kan og gi fråsegn sjølv der dette er naturleg.

4 Ei praktisk oppfølging av fylkes- og fylkesdelplanar, når ein eller fleire av deltakarkommunane ber slik bistand.

5. Pådrivar for å fremja viktige regionale saker overfor styresmakter på fylkes- og statleg nivå.

6 Arbeida for at regionen vert tilført statlege og fylkeskommunale ressursar.

7 Arbeida for å lokalisera ny aktivitet inn i regionen.

8 Fylla vertskapsrolla for det regionale næringslivet i samsvar med føremålet.

I samband med vedtak om ny selskapsavtale blei det i kommunane gjort ein del forskjellige vedtak om vidare satsing for Ryfylke IKS. I denne saka vel me vise til desse slik:

Hjelmeland kommune:

Fremje næringsutvikling i Ryfylke, særleg knytt opp mot innovasjon, infrastruktur og buattraktivitet.

Sauda kommune og Suldal har likelydande vedtak a) Den viktigaste oppgåva til Ryfylke IKS i åra som kjem handla om næringsutvikling. Dette handlar igjen om 3 ting:

- å utnytta dei naturgitte konkurransefortrinna me har i regionen (innovasjon og utvikling)
- å sy saman regionen til ein felles arbeidsmarknad (mobilitet og infrastruktur)
- å tiltrekka seg arbeidskrafta me treng (bustads attraktivitet, marknadsføring/omdømme)

Strand kommune: Næringsutvikling Hovedoppgaven til Ryfylke IKS bør være: * Samarbeid om å tilrettelegge for flere arbeidsplasser i næringer der regionen har fortrinn, samarbeide om kollektivtilbud og samferdselsprosjekt felles for et flertall av kommunene.

Sandnes kommune: *I forbindelse med saken:* Sandnes kommune er nå medlem i ulike regionråd og da både Ryfylke og Jærrådet. Samtidig har kommunen som målsetting å styrke det regionale samarbeidet på Nord-Jæren, som ikke omfattes av noen av disse rådene. Deltakelse i det regionale samarbeidet er tid- og ressurskrevende, og kommunen må vurdere denne ressursbruken opp mot relevans. Kommunestyret ber derfor kommunedirektøren legge fram en sak som vurderer kommunens fremtidige deltakelse i interkommunale råd. *I forbindelse med saken:* Sandnes kommune er nå medlem i ulike regionråd og da både Ryfylke og Jærrådet. Samtidig har kommunen som målsetting å styrke det regionale samarbeidet på Nord-Jæren, som ikke omfattes av noen av disse rådene. Deltakelse i det regionale samarbeidet er tid- og ressurskrevende, og kommunen må vurdere denne ressursbruken opp mot relevans. Kommunestyret ber derfor kommunedirektøren legge fram en sak som vurderer kommunens fremtidige deltakelse i interkommunale råd.

For ordens skuld gjer me merksame på at fire kommune er positive til å etablere eit IPR. Som ein kan sjå er fokuset frå fire av fem kommunar næringsutvikling. Om me freistar å sruturera innspela får me desse områda:

1. Innovasjon og utvikling innafor næringar kor me har naturlege fortrinn framfor andre regionar. Dette kan være naturgitte, geografiske eller kompetansemessige tilhøve.

2. Infrastruktur og mobilitet. Målet er å gjere Ryfylkeregionen til ein bu- og arbeidsmarknad samstundes so ein vil gjera det lettare for bedrifter å etablere seg med færre mobilitetsmessige utfordringar.
3. Buattraktivitet, marknadsføring og omdømme.

Vurdering og konklusjon

Dette er områder Ryfylke IKS har arbeidd med tidlegare. Samtidig kan det no være naudsynt å tydeleggjere at dette er satsingsområda til RIKS. Sjølv om dette er omfattande område vil det være mogleg for RIKS å arbeida med desse områda. Det er mogleg at det vil være naudsynt med fleire personalressursar. Slike ressursar må då være knytt til prosjekter/ aktivitetar med ekstern finansiering.

Dagleg leiar meiner at ei slik spissing kan være positiv, spørsmålet er om aktiviteten bør spissast enno meir...

Framlegg til vedtak:

Representantskapet i RIKS vedtar dei tre satsingsområda som er nemnd i saka. Samstundes vert dagleg leiarbedt om å leggja fram ein enkel strategi med konkrete tiltak selskapet kan gjennomføra dei neste to åra. Denne strategien skal leggest fram på desembermøtet i representantskapet. Dagleg leiar får i oppgåve å ta kontakt med Sandnes kommune for samarbeid innafor dei områda kor det er naturleg og begge partar kan ha fordelar av eit slikt samarbeid.